



Rotary-ambassadøren drar i dag - her saman med Alan Edwards. (Foto: Kristian Hus)

**I dag starta Jwan Rafik Raoof (17) på den store draumen sin; å sykla frå Husnes til Marokko i Nord-Afrika – ein strekning på om lag 4000 kilometer. I går kveld vart han utpeika som ambassadør for Kvinnerad Rotary Club, og fekk endåtil litt økonomisk støtte med på turen.**

– Vi syns dette er eit flott tiltak av ein ung gut, og har difor adoptert han som ambassadør for Kvinnerad Rotary Club, seier Alan Edwards, president i klubben dette året.

På møtet i AFA i Uskedalen i går kveld vart Jwan Rafik Raoof, opprinneleg frå den kurdiske byen Sulaymaniyah i Nord-Irak, presentert for medlemmene. Han fortalte òg litt om den 4000 kilometer reiseruta si – som han starta på i dag.

I bagasjen på sykkelen ligg blant anna brev og vimplar frå Kvinnerad Rotary Club, som det er meininga han skal levera frå seg til rotaryklubbar han vil oppsøkje under vegs.

– Vi har ikkje planlagt noko opplegg for han, det blir mykje opp til han sjølv å ta kontakt med rotaryklubbar der han kjem til på sin veg, seier Alan Edwards til HusnesNett. Vennskap over landegrenser er eit motto for Rotary, så dette blir bra for den unge ambassadøren.

Edwards har sjølv gjennom sitt yrkesaktive liv reist mykje, dei siste åra som serviceingeniør hjå Schat-Harding, og var alltid innom ein Rotaryklubb på reisene sine når han fekk sjansen.

I introduksjonsbrevet som Jwan Rafik Raoof har fått med seg på sykkelturen sin, er det gitt orientering om Kvinnerad Rotary Club.

**Av Kristian Hus**  
HusnesNett